

ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINER

FOR

HEMSEDAL KOMMUNE

2008 – 2012



Vedteke 26.06.08, K-sak 44/08

INNHALD

1.	Generelt.....	3
2.	Skjenkeløyve.....	4
2.1.	Løyve for alkoholholdig drikk i gruppe 1, 2, og 3	4
2.2.	Løyve for alkoholholdig drikk i gruppe 1 og 2	4
2.3.	Utandørs skjenkeløyve:.....	4
2.4.	Ambulerande skjenkeløyve:.....	4
2.5.	Utviding av eksisterande løyve:.....	4
2.6.	Skjenkeløyve i Trøim sentrum.....	5
3.	Skjenketider og opningstider	5
3.1.	Skjenkestader:.....	5
3.2.	Utandørs skjenkeløyve:.....	5
3.3.	Ambulerande skjenkeløyve.....	5
3.4.	Stengetid:	5
4.	Spesielle kriteria for uteservering	6
4.1.	Mål med avgrensing av uteservering	6
4.2.	Kriterium for å ivareta desse måla:	6
4.3.	Uteservering i perioden 1.mai- 1.november	6
5.	Sal av alkoholholdige drikkevarer.....	6
6.	Ansvar og mynde	6
6.1.	Kommunestyret.....	7
6.2.	Formannskapet.....	7
6.3.	Rådmannen har delegert mynde til å.....	7
6.4.	Definisjonar	7
7.	Kommunalt kontrollutval og reaksjonar ved brot på retningslinene	7
7.1.	Sals- og skjenkekontroll.....	7
7.2.	Saksgang ved brot på retningslinene.....	7
7.3.	Reaksjonsformer	7
8.	Gebyr på sals- og skjenkeløyve.....	8
8.1.	Gebyrstatsar	8
8.2.	Rapportering av omsett alkohol	9
9.	Reklame	9
10.	Administrativ og politisk saksgang ved søknad om løyve	9

1. Generelt

- 1.1. Retningslinene er grunnlag for tildeling av løyve for sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer i Hemsedal kommune i tidsrommet 2008-2012. Dei enkelte søknadene om sals- og skjenkeløyve for alkoholhaldige varer vert handsama i samsvar med alkoholpolitiske retningsliner.
- 1.2. Ny alkohollov av 01.01.98 med endringar av 01.07.05 og tilhøyrande forskrifter dannar grunnlag for retningslinene. Alkohollova gjeld også for alle områder innan sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer som ikkje spesifikt er nemnt i desse retningslinene. Det er ein føresetnad at alle løyvehavarar kjennar alkohollova. Det er vidare eit krav at skjenkestyrrar og vikar for skjenkestyrrar har avlagt kunnskapsprøve, jf. alkohollova § 1-7c og Rundskriv IS-5/2008 frå Sosial- og Helsedepartementet
- 1.3. Hemsedal kommune har som målsetjing å redusere helseskader gjennom kontrollert bruk av alkoholhaldige drikkevarer. Kommunen ser seg difor tent med å avgrense forbruket gjennom relativt restriktive retningsliner. Dette av omsyn til bygda som bustadkommune, og av helsemessige årsaker. Retningslinene tek omsyn til dei behov som følgjer av at Hemsedal er ein turistkommune.
- 1.4. Hemsedal kommune har som målsetjing å halde kontroll med at tildelte løyve for sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer blir praktisert i tråd med alkohollova og dei kommunale retningslinene.
- 1.5. Løyveperioden følgjer kommunen sin valperiode på 4 år. Løyveperioden går ut 30.06. året etter at nytt kommunestyre er vald, jf. alkohollova § 1-6
- 1.6. Sals og skjenkeløyve bør nektast på grunnlag av negativ uttale frå politiet om søkjar sin vandel, eller tilhøve knytt til alkohollova eller anna lovgiving som har samband med formål i alkohollova. Løyvet bør også nektast på bakgrunn av innvendingar frå skatte- og avgiftsmynda, jf. alkohollova §§ 1-7 og 1-7b.
- 1.7. Det blir ikkje innvilga skjenkeløyve på slike stader og situasjonar:
 - Det vert som hovudregel ikkje gjeve skjenkeløyve ved idrettsarrangement.
 - Det blir ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve for serveringsstader som fysisk grensar til skular og barnehagar
 - Det blir ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve ved arrangement som er berekna på barn og unge.
 - Det blir ikkje gjeve skjenkeløyve til gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar og liknande.
 - Det blir ikkje gjeve skjenkeløyve for serveringsstader i alpinanlegga sine opningstider, unnateke i samband med restaurantdrift i baseområdet.
- 1.8. Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggjast vekt på om søkjar vert vurdert som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Det blir teke omsyn til tidlegare erfaring med søkjaren si utøving av løyve i form av:
 - brot på vilkår som er sett for løyvet
 - brot på skjenke- eller aldersbestemmingar
 - endring av driftskonsept utan godkjenning
 - klanderverdige tilhøve gjeldande orden ved serveringsstaden
 - brot på reglar om alkoholreklame, jf. Alkohollova §9-2 og pkt. 9 i retningslinene

- 1.9. Ved tildeling av løyve skal det leggjast vekt på skjenkelokalet si lokalisering, storleik og karakter. Det skal vidare leggjast vekt på kva type skjenkestad lokalet skal nyttast til. Negativ uttale om verksemda si drift, trafikale og ordensmessige tilhøve skal kunne tilleggjast vekt, jf. alkohollova § 1-7a og merknader til alkohollova § 1-7a.
- Endringar som gjeld søkjaren sin vandel skal kunne tilleggjast vekt ved fornying.

2. Skjenkeløyve

2.1. Løyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2, og 3¹

Verksemder som kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1, 2 og 3:

- Overnattingsverksemder
- Spiserestaurantar / restaurantar med dans.
- Barar/pubar
- Diskotek/nattklubb kategori 2
Definisjon diskotek/nattklubb kat. 2: Dansegolvet og musikkanlegg er sentrum / trekkplaster - staden har aldersgrense min. 20 år.

2.2. Løyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2

Verksemder som kan tildelast skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er:

- Nattklubbar/diskotek kategori 1
Definisjon diskotek/nattklubb kat. 1: Dansegolvet og musikkanlegg er sentrum/trekkplaster - staden har aldersgrense 18 år. .
- Vegkroer, kafeteriaer, kafear og kaffibarar

2.3. Utandørs skjenkeløyve:

Bedrifta kan ha tilsvarande løyve ute som inne, med eventuelt andre skjenketider. Serveringsarealet ute skal vere godkjent av kommunen. Bedrifter som ikkje har fast løyve for uteservering, kan få slikt løyve i påska, 1.mai-helga og ved andre større arrangement. Administrasjonen gjev slikt løyve. Kriteria for uteservering vedteke i Hemsedal kommune må følgjast, sjå pkt. 4 i retningslinene.

2.4. Ambulerande skjenkeløyve:

Hemsedal kommune har 3 ambulerande løyve.

2.5. Utviding av eksisterande løyve:

Skjenkestader som har skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk gr. 2 kan, for einskilde høve, få dette løyvet utvida til og å gjelde alkohol gr. 3.

¹ [Alkoholhaldig drikk gruppe 1 : mellom 2,5 og 4,7 volumprosent](#)
[Alkoholhaldig drikk gruppe 2 : mellom 4,7 og 22 volumprosent](#)
[Alkoholhaldig drikk gruppe 3 : over 22 \(brennevin\)](#)

2.6. Skjenkeløyve i Trøim sentrum

2.6.1. Det bør ikkje bli innvilga nye skjenkeløyve for følgjande type skjenkestader i perioden:

- barar/ pubar
- diskotek/ nattklubbar

2.6.2. Ved nyetablering av andre typar skjenkestader, enn nemt under pkt 2.6, jf. pkt 2.1, har desse stadene ikkje høve til å arrangere afterski/ diskotek.

3. Skjenketider og opningstider

3.1. Skjenkestader:

Serveringsstader med skjenkeløyve etter pkt. 2.1 og 2.2 har skjenketid til kl. 02.00 og opningstid til 02.30

3.2. Utandørs skjenkeløyve:

Skjenketid frå kl 13.00 til kl 23.00

Verksemder i Trøim sentrum har i perioden 1. nov. – sesongslutt (1.mai-helga) skjenketid frå kl. 17.00-23.00.

3.3. Ambulerande skjenkeløyve

Skjenking skal avsluttast seinast kl. 02.00

3.4. Stengetid:

Konsum av utskjenkt alkoholhaldig drikk må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute. Stengetidspunkt for serveringsstadane blir som hovudregel også sett 30 minutt etter at skjenketida er ute.

Kommunen kan, der alkoholpolitiske tilhøve tilseier dette, setje tidsavgrensingar for skjenking og sal av alkoholhaldige varer, som er kortare enn dei tidsrammer som alkohollova § 4-4 gjev.

Hotell og andre overnattingsstader kan skjenke alkohol til overnattingsgjestene sine uavhengig av desse føresegnene. Det er ein føresetnad at slik skjenking føregår i andre lokale enn dei vanlege skjenkelokala. Brennevin kan berre skjenkast i den ordinære skjenketida, jf. merknader til alkohollova § 4.4.2.3

Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent alkohol eller meir kan skje frå kl. 13.00. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk kan skje frå kl. 08.00, jf alkohollova § 4-4 og merknader til lova § 4.4.2

4. Spesielle kriteria for uteservering

4.1. Mål med avgrensing av uteservering

- Uteservering skal kunne gå føre seg utan nemneverdig sjenanse for forbipasserande og bebuarar i nærleiken av serveringsstaden.
- Serveringsstaden må vera slik at det ikkje kan oppstå uhell eller ulykker som følgje av plasseringa av serveringsstaden.
- Serveringsstaden må byggjast etter gjeldane reglar i plan-, og bygningslova, veglova og gjeldande reguleringsplanar.
- Serveringsstaden må ha utsjånad som harmonerer med miljøet.

4.2. Kriterium for å ivareta desse måla:

- Gjestene må gå gjennom lokalet eller gjennom ein port frå utsida, for å kome til uteserveringsstaden.
- Uteserveringsområdet skal vere fysisk avgrensa.
- Løyvegjevar skal godkjenne utearealet.
- Støynivået frå stereoanlegg og liknande må ikkje vera til nemneverdig sjenanse for omgjevnadane.
- Serveringsstaden har eit særskilt ansvar for godt vakthald.

4.3. Uteservering i perioden 1.mai- 1.november

Retningslinene om uteservering kan ikkje fråvikast i perioden 1. november til 1.mai-helga.

5. Sal av alkoholhaldige drikkevarer

Ordinære daglegvareforretningar kan etter søknad få innvilga løyve til sal av alkoholhaldige varer med inntil 4,7 volumprosent alkohol, jf. alkohollova § 3-1.

Sal av alkohol gr.1 er tillete frå kl 09.00 til kl 20.00 frå måndag til fredag, og frå kl 09.00 til kl 18.00 laurdag og andre kvardagar som er siste dag før heilagdag, jf. alkohollova § 3-7.

Sal av alkohol gr.1 er ikkje tillete på valdagar, søndagar, heilagdagar eller 1. og 17.mai, jf. alkohollova § 3-7

6. Ansvar og mynde

6.1. Kommunestyret

- Vedtek alkoholpolitiske retningsliner etter innstilling frå Hovudutval for livsløp.
- Handsamar, etter innstilling frå Hovudutval for livsløp, ny tildeling av alle sals- og skjenkeløyve, første året i ny valperiode.

6.2. Formannskapet

- Handsamar tildeling av nye løyve resten av perioden, med melding til kommunestyret, etter innstilling frå Hovudutval for livsløp.

6.3. Rådmannen har delegert mynde til å

- Tildele ambulerande løyve for slutta selskap, jf alkohollova §§ 4-2, 4-5.
- Tildele løyve for einskilde høve, jf alkohollova §§ 1-6, 4-2.
- Innvilge utvida skjenketid for einskilde høve, jf alkohollova §§ 4-2.
- Godkjenne skjenkestyrrar og avløyssar dersom politiet ikkje har merknadar, jf alkohollova §1-7c.
- Inndra løyve i tilfelle der politiet har stengt serveringsstaden, jf. alkohollova § 1-8a.
- Endre alkoholpolitiske retningslinjer i samsvar med lov- eller forskriftsendingar som trår i kraft i løpet av løyveperioden.

6.4. Definisjonar

- Slutta selskap er t.d bryllaup, jubileum og andre selskap der talet på -, og namn på gjestene er klart på førehand, og der gjestane er særskild invitert. Klubbar, organisasjonar eller reiseselskap er ikkje slutta selskap, jf alkohollova § 4.5.
- Løyve ved einskilde høve er tenkt brukt ved einskilde arrangement som skil seg frå den daglege drifta ved serveringsstaden.
- Einskilde høve er t.d. jubileum for skjenkestaden eller andre store markeringar.
- Helge- og høgtidsdagar i seg sjølv går ikkje under kategorien ”einskilde høve.”
- Arrangement på meir enn to dagar vert ikkje definert under kategorien ”einskilde høve.”

7 . Kommunalt kontrollutval og reaksjonar ved brot på retningslinene

7.1 Sals- og skjenkekontroll

Kvar sals- og skjenkestad skal kontrollerast minimum 1 gong kvart år. Talet kontrollar skal vere minst tre gonger så mange som talet på skjenkeløyve. Minst 2 av desse kontrollane skal utførast i perioden 1.desember – 1.mai-helga.

7.2 Saksgang ved brot på retningslinene.

Dersom det blir avdekt brot på regelverket for sal eller skjenking av alkoholhaldige varer, eller anna regelverk som har samband med føremåla i alkohollova, skal administrasjonen umiddelbart leggje fram brotet for Hovudutval for livsløp. Saka skal vidare til formannskapet for endeleg vedtak.

7.3 Reaksjonsformer

Generelt skal det utvisast skjønn ved fastsetjing av reaksjonsformer, jf merknader til alkohollova § 1.8.2

Forholdet mellom brot og kor lenge løyvet vert inndrege blir vurdert ut frå:

- Type brot.
- Kor grovt brotet er på føresegnene.
- I kva grad løyvehavar kan klandrast.
- Tidlegare brot på vilkår i løyvet eller alkohollova.
- Kva som er gjort for å rette opp forholda.

7.3.1 Døme på brot

- Sal eller skjenking til mindreårige.
- Brot på skjenketida.
- Overskjenking.
- Gjest tek med alkohol ut av skjenkestaden.

Ved fyrste gongs brot på regelverket blir det gjeve skriftleg varsel eller inndraging av løyvet frå 1 veke til 4 veker.

Ved gjentekne brot eller ved særleg alvorlege brot, blir løyvet drege inn frå 1 veke til 1 år.

7.3.2 Narkotikaomsetnad

Dersom det vert avdekt omsetnad av narkotika på sal- / skjenkestaden, viser ein til alkohollova § 1.8 og merknader til alkohollova § 1.8.2.1.

7.3.3 Andre forhold

Ved brot på føresegner gjeve i medhald av andre lover når føresegnene har samanheng med alkohollova sitt formål, blir det gjeve skriftleg varsel eller løyvet blir indrege. Reaksjonsforma er avhengig av kor alvorleg brotet er.

Brot på vilkår for alkoholomsetnad blir handsama med bakgrunn i rapportar frå sals- eller skjenkekontrollørar, lensmannen eller skriftleg klage frå andre. I sistnemnde høve skal påstanden undersøkjast av kontrollørar før tiltak blir sett i verk

8. Gebyr på sals- og skjenkeløyve

8.1 Gebyrsatsar

Gebyr på sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarar skal utreknast i forhold til satsar gjeve i forskrift av 11. desember 1997 nr. 1292 , endring 01.07.05, om omsetjing av alkoholhaldig drikk.

Sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1:	kr 0,17 pr liter
Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1	kr 0,34 pr liter
Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 2	kr 0,94 pr liter
Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3	kr 3,07 pr liter

Minstegebyr for sal er min. kr. 1 200,- pr. år. Minstegebyr for skjenking er kr. 3 500,- pr. år.

Handsaming av søknad om ambulerande løyve, løyve for eit einskild høve eller utviding av løyve for eit einskild høve blir fakturert med kr 250,- pr gong. Ved større arrangement kan gebyr for einskilde høve reknast etter satsane som for alminneleg løyve.

8.2 Rapportering av omsett alkohol

Sals- og skjenkestadene har plikt til å rapportere omsett mengde alkohol, jf. forskrift om omsetjing av alkoholhaldig drikk mv 2005- 06-08 nr 538 §6-3. Rapporten skal være stadfesta av revisor og skal sendast kommunen innan 1. mars. Gebyr skal betalast forskotsvis innan 1. april på bakgrunn av denne rapporten.

Ved manglande innbetaling av gebyr for sal og skjenking, blir sals- / skjenkeløyvet dratt inn fram til gebyret er betalt inn.

9. Reklame

I tråd med Alkohollova er all reklame for alkoholhaldige drikkevarer forbode jf alkohollova § 9 med forskrift og merknader

Ved brot på § 9, vil det bli gjeve skriftleg varsel. Blir ikkje reklamen fjerna, vil det bli vurdert inndraging av løyvet frå 3 dagar til 4 veker.

10. Administrativ og politisk saksgang ved søknad om løyve

Ved søknad om fast løyve skal Hemsedal kommune sitt søknadsskjema nyttast. Dette skjemaet kan ein få i Tenestetorget eller finne på Hemsedal kommune sine nettsider www.hemsedal.kommune.no/tenester/skjema.

Dersom staden er nyetablert, og det samstundes blir søkt om serveringsløyve, skal kommunen sende søknaden til Mattilsynet for uttale.

Søknaden om serveringsløyve skal handsamast i Hovudutval for Livsløp. Innvilga serveringsløyve er ein føresetnad for skjenkeløyve

Kommunen skal sende søknad om skjenkeløyve, samt namn og personnummer på skjenkestyrar og vikar for skjenkestyrar til lensmannen og sosialkontoret i kommunen for uttale.

Dersom staden er ny, har nye eigarar, eller det er andre grunnar til å sjekke økonomiske tilhøve kring drifta, skal det hentast inn uttale frå økonomikontoret i drivaren / eigaren sin skattekommune og frå Skattefogden i Buskerud

Søknaden skal handsamast i Hovudutval for Livsløp og Kommunestyret / Formannskapet jf pkt 6.1 og 6.2.